Nytt frå sjukdoms- og skaderegisteret til Arbeidstilsynet

Nr. 3 — 2011

Arbeidstilsynet
Faktaark

Muskel- og skjelettsmerter er blant dei aller vanlegaste helseplagene i den norske befolkninga og er den hyppigaste diagnosen ved sjukefråvær og uføretrygding. Dette er også den gruppa av helseproblem som dei yrkesaktive oftast meiner er forårsaka eller forverra av arbeidet. Undersøkingar som er gjorde dei siste åra, viser at årsaksbiletet er meir samansett enn det ein har trudd tidlegare. Det er vist at ikkje berre mekaniske eksponeringar, men også psykologiske, sosiale og organisatoriske forhold i arbeidet er med på å utvikle muskel- og skjelettsmerter.

Tal frå levekårsundersøkinga til Statistisk sentralbyrå om helse i 2008 viser at omlag 15 prosent av yrkesbefolkninga og 34 prosent av dei ikkje-yrkesaktive rapporterte om sjukdom i skjelett- og muskelsystemet diagnostisert av lege. Data frå undersøkinga i 2009 viser at smerter i nakken, skuldrene eller den øvre delen av ryggen er dei muskel- og skjelettsmertene som opptrer oftast. Nærmare 60 prosent av dei som opplyste om slike plager, meiner at jobben, heilt eller delvis, var årsak til plagene. Smerter i krossryggen eller nedre del av ryggen og smerter i hoftene, beina og føtene er også utbreidde plager.

Det er forskjellar mellom ulike yrkesgrupper. Om lag 16 prosent blant kvinner og 11 prosent blant menn rapporterte at dei er svært eller ganske plaga av ei eller fleire muskel- og skjelettsmerter som heilt eller delvis kjem av jobben. Yrkesgruppene som i størst grad rapporterte slike plager er frisør, pleie- og omsorgsarbeidar, reinhaldar, tømrar, trearbeidar, kunstnar (tekst, musikk, scene, foto), lege- og tannlegesekretær og apotekteknikar. I desse gruppene var det mellom 20 og 24 prosent som rapporterte om dette.

Tal frå registeret til Arbeidstilsynet

I perioden 2006-2010 har Arbeidstilsynet mottatt 769 meldingar om arbeidsrelaterte muskel- og skjelettsjukdomar. 71 prosent av desse gjaldt menn. Hyppigast meldte diagnose er tennisolboge (tendinitt), leddsmerte, uspesifisert skulderliding, nakkesmerte og lumbago, i tillegg til myalgi, bursitt i skulder og uspesifisert ryggsmerte.

Tabellen under syner kva dei ti hyppigast meldte eksponeringsfaktorane er oppgitt å være.



Næringar som vert oftast meld når det gjeld muskel – og skjelettsjukdomar er bygge- og anleggsverksemd og industri, som står for høvesvis 25 % kvar av dei mottatte meldingane. Typiske yrke er tømrarar, operatørar innan metallvareproduksjon, forskalingsnikkarar, veg- og anleggs arbeidarar, elektrikarar og reingjeringspersonale. Det har vore ein trend at dei fleste meldingar Arbeidstilsynet mottar gjeld menn - i overkant av 80 prosent. Dette gjenspeiler seg i dei yrke og næringar som er representerte.

I 2010 var det 505 legar som meldte arbeidsrelaterte sjukdommar til Arbeidstilsynet. Ein betydelig del av meldingane kjem frå bedriftslegar, og fleire av desse representerer større verksemder innan byggje- og anlegg, eller industrinæringa.

At biletet ser noko annleis ut basert på melding om arbeidsrelatert sjukdom til Arbeidstilsynet kjem av at det er ei betydeleg underrapportering. Det er berre kring 4-5 % av norske legar som sender melding til Arbeidstilsynet. Tala sier derfor ikkje noko om omfanget at muskel- og skjelettlidingar i Noreg, men berre om meldingane som Arbeidstilsynet har mottatt.

Dødsulukker
Hittil i år har Arbeidstilsynet registrert 36 arbeidsskadedødsfall.

Fleire er knytte til terrorangrepet 22. juli 2011. Seks personar omkom i regjeringskvartalet, og fem på Utøya. Desse var tilsette i generell offentleg administrasjon (6), restaurantverksemd (3), sosiale velferdsorganisasjonar (1) og partipolitiske organisasjonar (1). Sju av dei elleve døde var kvinner.

Hendingane 22.juli 2011 gjer at statistikken for arbeidsskadedødsfall vil avvike betydeleg frå tidligare år når det gjeld næringar, kjønn og type ulukke.

Ser ein bort frå dei omkomne i terrorangrepet, kan ein omtale året 2011 som normalt med omsyn til utsette næringar, kjønnsfordeling og type ulukke. Bygg og anlegg og industrien toppar statistikken med høvesvis sju og fem arbeidsskadedødsfall. Fordelinga mellom menn og kvinner er 25 til 1. Ulukkeskategoriane klemt/fanga, fall og trafikkulukker er jamt fordelte (fem av kvar) og dei vanlegaste registrerte.

Det er gledeleg at talet på arbeidsskadedødsfall kan sjå ut til å vere lågt samanlikna med tidligare. På same tid i 2008 var det registrert 44 arbeidsskadedødsfall. I 2009 var det 28 og i 2010 var talet 44. Om ein ikkje tar med dei 11 som omkom som følgje av terrorangrepet 22. juli er talet 25.

Bakgrunn for registeret om arbeidsrelatert sjukdom

Registrering av arbeidsrelaterte sjukdomar blei starta av Arbeidstilsynet alt i 1920-åra. Sidan 1977 har Registeret for arbeidsrelaterte sjukdomar (RAS) vore heimla i Arbeidsmiljøloven. Dagens § 5-3 seier at «enhver lege som igjennom sitt arbeid får kunnskap om en arbeidstaker som lider av yrkessykdom som er likestilt med yrkesskade etter folketrygdens § 13-4, eller annen sykdom som legen antar skyldes arbeidstakerens arbeidssituasjon, skal gi skriftlig melding om dette til Arbeidstilsynet». Legane melder tilfella på Arbeidstilsynets skjema 154 b/c.

Bakgrunn for registeret om yrkesskade og arbeidsskadedødsfall

Arbeidsgivar har plikt til å varsle Arbeidstilsynet og nærmaste politimyndigheit når det skjer ei alvorleg ulukke. Dette gjeld dødsulukker og ulukker som har ført til alvorleg skade. Arbeidsgivar plikter også å sende skademelding til NAV når en arbeidstakar blir påført skade eller sjukdom som kan gi rett til yrkesskadedekning. Skademeldinga vert gitt på NAV-blankett IA13-07.05 som Arbeidstilsynet mottar kopi av. Innmelde skadar vert registrerte i yrkesskaderegisteret til Arbeidstilsynet, og dannar grunnlag for vurdering av nødvendige tiltak.